

bømlo

folkehøgskule

HANDBOK

Praktisk informasjon



MÅLSETJINGA VÅR

Bømlo Folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskule. Målsetjinga vår er å gi elevane læring og meining, der verdiane fred, solidaritet, kreativitet og miljø skal liggje til grunn for det vi gjer.

Bømlo Folkehøgskule er ein allmenndannande skule, der det sentrale er å fremje elevane si personlege utvikling. Elevane skal vidare utvikle seg til å bli sjølvstendige, til å ta ansvar og få innsikt i si eiga og andre si rolle i fellesskapet.

Vi som arbeider ved skulen ønskjer at du som elev skal få eit minnerikt skuleår, med mange faglege og sosiale utfordringar og positive opplevingar. Vi skal gjere det vi kan for at du skal få eit lærerikt og flott år, men det er **du som gjer året** gjennom engasjement og initiativ.

Eit godt liv kjem ikkje av seg sjølv, men du formar det sjølv medan du lever.

VIKTIG INFORMASJON

Tilsynslærer:

Ein av dei tilsette er vanlegvis på skulen sitt område og har tilsyn. Tilsynslærer har med seg ein vakttelefon (47903943), og det er nattevakt som ligg på vaktrommet på Hus 20. Om du treng hjelp eller berre ønskjer å snakke med nokon, ikkje ver redd for å ta kontakt med tilsynslærer.

Kveldsro:

På internata skal det vere ro kl 23.00 på kvardagar og kl 24.00 fredagar og laurdagar. Det er ikkje lov å bruke komfyren til å lage varm mat på husa etter kl 22.00, grunna brannfare.

Bruk av mobiltelefon:

Mobilen skal stå på lydlaus når det er undervisning. I timar, førelesningar eller når vi har besøk av andre skal vi ikkje bruke mobil om det ikkje blir gitt beskjed om det. Det er også råd å leggje mobilen bort.

Omsorg ved sjukdom:

Ring eller send melding til vakttelefonen om morgonen dersom du er sjuk. Husmor vil då sjå til deg. Send melding til vakttelefonen om du ønskjer middag når du er sjuk, eller få nokon på huset ditt til å ta med til deg.

Må du til lege, tannlege, helsesøster m.v.?

Kontakt husmor om du må til lege på dagtid. Er du fødd i oddetalsmånad høyrer du til Bremnes legesenter (53423311) og Kystlegane (53425610) for partalsmånad. Etter kl 15.00 og i helgar ringjer du Sunnhordland interkommunale legevakt på telefon 116 117.

Helsestasjon for ungdom på Bremnes er open kvar onsdag mellom 16.00 til 18.00. Dette er eit gratis tilbod, og det er ingen timebestilling.

Bømlo Folkehøgskule har eigen «Helsebror», som i utgangspunktet er på arbeid torsdagar frå kl 09.00-14.00. Han har kontor i enden av gangen mot auditoriet.

Skal du til lege, tannlege m.v. må du tilpasse timen til bussrutene, slik at du ikkje er avhengig av andre. Busstider til og frå skulen heng på oppslagstavla i gangen. Du får ikkje fråver om du leverer dokumentasjon på dette til rektor.

Studielån og stipend:

Vi gir melding til Statens Lånekasse for utdanning når du møter ved Bømlo Folkehøgskule, og nokre dagar etterpå kjem det inn lån og stipend på kontoen din.

Dersom du sjølv er, eller har foreldre/føresette som er medlemmer av eit fagforbund knytt til LO, kan du få tildelt stipend. Då må du levere forbunds- og medlemsnummer i resepsjonen, så vidaresender vi søknaden.

Post:

Får du post blir denne lagt i posthyllene i gangen ved administrasjonen (to elevar deler på ei hylle). I resepsjonen kan du kjøpe konvoluttar og frankere brev.

Studiebevis:

Det blir bestilt studiebevis i første skuleveka. Med ISIC-kort får du billigare transport når du reiser. Vi tilrår alle å skaffe seg eit "Skyss-kort" eller som mobilapp på telefonen din.

Bruk av internett:

Datamaskinene på skulen kan brukast av alle. I resepsjonen er det ei elevmaskin som du kan skrive ut i frå. Den er tilgjengeleg i kontortida og etter avtale med tilsynslærar. Elles er det råd å bruke datamaskiner på grupperom, og skulen har også fleire berbare maskiner.

Det er trådløst internett på skulen, alle husa og sjøhuset. Nettet er ope frå 07.00 til 01.00.

Ver grei ikkje å leggje inn anna programvare på harddiskane til skulen sine maskiner, men bruk minnepinne til lagring. Nedlasting av pornografi og andre tvilsame sider, kan føre til at du misser skuleplassen din.

Dataansvarleg på skulen kan spore ip-adresser, slik at det er råd å hindre at infiserte maskiner skadar det trådløse nettet m.v.

Røykjer eller snusar du?

Skulen og internata er røykfrie. Dersom du blir tatt i å røykje på eit av romma på skulen, må du betale kr 500. Røyking ved skulebygning er berre lov i røykjeskuret.

Brukar du snus, tyggis eller liknande, må du kaste dette i nærmaste søppelbøtte (jfr også dei nye politivedtektene for Bømlo kommune, der det no er kriminelt å forsøple på offentleg stad).

Får du besøk:

Du kan ha besøk, men i utgangspunktet berre i helgane. Gi beskjed om besøk i resepsjonen. Gjester betaler skulen for opphald etter faste takstar (kr 100 pr døgn). Då er mat inkludert.

Brannansvarleg:

Elevrådsrepresentanten på kvart hus er brannansvarleg og har ansvar for å sjekke alle rom, samt å be elevane forlate huset ved ein eventuell brannalarm.

Bruk av båtar og kajakkar:

Når du brukar båtar og kajakkar utanom skuletid, må du sende melding til vakttelefonen når du fer ut og når du kjem tilbake.

Reglar for bruk av køyrety ved skulen:

Det er ønskjeleg med minst mogleg køyring til internata. Køyr fint!

Ved feil, manglar og øydeleggingar:

Vaktmeister Kurt går innom kvart hus måndagar i vasketimen og husmøtet. Han skiftar då lyspærer og gjer anna småarbeid.

For større reparaasjonar må du sende e-post til vaktmeister til adressa arild@bomlo.fhs.no

Bruk av bilete av deg i nyhetssaker, på heimesida, i brosjyren vår og retten til å bruke bilete:

Dersom du ikkje ønskjer at foto av deg blir lagt ut på heimesida vår, på Facebook, i brosjyren vår m.v., må du gi melding om dette til rektor like etter skulen er starta.

Dersom ikkje anna er avtalt, reknar vi med at bilete som er tatt av elevar og tilsette ved skulen, kan brukast av Bømlo Folkehøgskule si marknadsføring av skulen (jfr skjema du skriv under når du kjem til skulen).

UT I VERDA

Vi treng også noko utanfor folkehøgskuleverda vår. Då kan du anten gå eller sykle 2,5 km bort til "Kanalen", der du finn matvarebutikk med post i butikk og ei lita sitjegruppe, samt ein bensinstasjon.

Eller du kan køyre 30 minutt med buss til kommunesenteret Svortland (Bremnes). Der er det fleire butikkar; du finn også bank, kafear, apotek, symjehall, tannlege, legekontor m.v.

På Våge skule (ca 400 meter frå skulen) er det bibliotekfilial. Hovudbiblioteket er på Svortland.

Det er fornuftig å samkøyre og hjelpe kvarandre, og på dagtid løner det seg å kontakte Bjørg i resepsjonen for å høyre om kanskje andre skal til Svortland.

VIS RESPEKT FOR KVARANDRE

Dette året skal du bu i lag med folk du ikkje kjenner. Nokon vil vere lik deg, andre svært ulik deg. Dette er spanande, givande og utfordrande.

Du kan lese meir om dette i heftet «VELKOMMEN TIL VÅR SKOLE».

Møter du dine medelevar med respekt, toleranse og forståing opnar du døra for **venskap for livet**.

HA EIT STRÅLANDE FINT ÅR!

